



VESTNES KOMMUNE

Rådhuset

6390 VESTNES

Vestnes kommune

Endring av reguleringsplan for Slutåshaugen gnr60 bnr7

Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.


Reguleringsplan for Slutåshaugen er lagt ut til offentleg ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å endre tidlegare regulert næringsareal/turistanlegg om til fritidsbustader (nede ved sjøen) og til bustader (sentralt i området). Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Planen set krav til minimumskote to for nausta i planområdet. Denne kote vil ikkje tilfredsstille tryggleikskrava i byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Nyttar ein utrekningsmetoden i DSB sin rettleiar «*Havnivåstiging og stormflod*» får ein kote 2,4 (avrunda) for F1-tiltak (som naust) i Vestnes kommune. Denne utan å inkludere vind- og bølgepåslag som vil gjere den reelle trygge kote høgre. Ein må derfor gjere ei ny vurdering av trygg kote for F1-tiltak. Dersom ein ynsker å plassere nausta på ei minimumskote to, er dette mogleg dersom ein utformar føresegn som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17. Til dømes kan ein utforme føresegn som sikrar at naust som ligg under trygg kote må konstruerast/dimensjonerast til å tole overfløyning og bølgepåslag.

BFK1 er i dag regulert til næringsføremål/turistanlegg. Området omfattar fem eksisterande fritidsbustadar, og BFK1 er foreslått omregulert til fritidsbustadar - konsentrert. Med tanke på stormflod og havnivåstiging ligg fritidsbustadane lågt. I ROS-analysen kjem det fram at golvet på desse tiltaka ligg på ca. kote 2,7. Analysen viser til DSB sin rettleiar for havnivåstiging og stormflod, og at dimensjonerande stormflod, inkludert havnivåstiging, vil for F2-tiltak (fritidsbustadar) vere kote 2,6 i Vestnes kommune. Vind- og bølgepåslag ikkje er inkludert i utrekninga. Analysen kjem fram til at det derfor kan påreknast at bølger kan slå inn mot fritidsbustadane, men at fritidsbustadane står der allereie og kan ikkje flyttast.

Vidare er det ein molo ved fritidsbustadane som vil skjerme for dei kraftigaste bølgene frå vest.



Biletet er henta frå kartverket sin kartløyising for å sjå havnivå i kart. Illustrasjonen viser 200-årsstormflod med havnivået i 2090. Dette er den tilrådde framskrivinga av havnivå for planlegging av arealbruk.

Ut frå informasjonen i ROS-analysen er Fylkesmannen veldig usikker på om BFK1 tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Kommunen kan ikkje regulere til føremål som ikkje tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK17. Dette gjeld sjølv om tiltaka allereie er oppført. Det er derfor viktig at kommunen er trygg på at fritidsbustadane oppfyller tryggleikskrava TEK17 stiller til F2-tiltak. I ROS-analysen står det at tiltaka ikkje kan flyttast, men kommunen bør likevel vurdere om dette er naudsynt å krevje. Om dette ikkje er eit aktuelt alternativ, må ein vurdere om det er mogleg med andre tryggingstiltak enn krav om plassering. Til dømes sikringstiltak i området, forsterking/dimensjonering av fritidsbustadane til å tole overfløyming/bølgjepåslag, plassering av elektriske installasjonar, krav til bruk av første etasje osv.

Sjølv om TEK17 opnar for konstruering/dimensjonering av tiltak for å tole overfløyming/bølgjepåverknad for å tilfredsstillar tryggleikskrava i TEK17, meiner Fylkesmannen dette er ein dårleg løysing for fritidsbustadar. Vi vil derfor sterkt rå frå at kommunen tillèt fritidsbustadar i eit område som med jamne mellomrom risikerer overfløyming.

Konklusjon

Fylkesmannen har **motsegn** til planen inntil det er sikra tilstrekkeleg tryggleik for F1- og F2-tiltak i planområdet, jf. TEK17 § 7-2.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde